



DEN NORSKE KYRKJA
Lindås kyrkjelege fellestråd

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
20. 04. 2015	
Ark. saknr.	Leiar
Betal.	Tilgangslaste

Knarvik, 16. april 2015

Lindås og Meland brannvern
Ikenberget 16
5911 ALVERSUND

Melding om arrangement med særleg mykje folk.

Torsdag 23 april skal Knarvik kyrkje huse Blålys-etatane sitt arrangement for russen i Nordhordland og Bergen Nord. Arrangementet er to-delt, ved at det først skal vere ein samling i sjølve kyrkja frå kl 11:00 til ca 12:00, og deretter blir det eit arrangement på parkeringsplassen bak kyrkja.

Vi har fått melding frå arrangørane om at det vil kome ca 600 personar til dette arrangementet. Vi har derfor gjort ei særskilt risikovurdering av dette arrangementet:

- Kyrkja har 530 stolar som er organisert i 52 rekkjer med rekkekopling. I tillegg er det ein fast benk med plass til 20 vaksne personar. Ut over dette vurderer vi at det er forsvarleg å sleppa inn ytterlegare 50 personar som får ståplass bak i kyrkja.
- Stolane er samla i to grupper. Mellom desse er det ein midtgang på 2,5 meter og på sidene er det 1,5 meter til veggane. Framme er det 7,0 meter til veggen og bak er det 3,3 meter til veggen der også hovud-rømmingsvegen er.
- Kyrkja er eit nybygg med m.a. overrislingsanlegg, 2 brannslangar og 4 gode rømmingsvegar som er kopla direkte mot brannalarmen.
- Arrangementet er på den lysaste delen av dagen
- Det vert brukt brannvakter under arrangementet med ansvar for kvar av dei fire rømmingsvegane.

Ta gjerne kontakt med Lindås kyrkjelege fellestråd om det skulle vera spørsmål til dette.

Med venleg helsing

Torgeir Paulsen
Kyrkjevevje